



- eit fyrstårn i vest

Klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar

Juni 2026



F.o.m. 1. juli 2026 sett Anskaffingslova §§ 5b og 5c rammer for vekting av klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar. Dette notatet ser nærare på regelverket og eksisterande kommunale føringar, kommunen sitt handlingsrom og tilgjengelege verktøy.

Innhald

1. Nasjonale rammer for offentlege anskaffingar	3
1.1. Lov- og forskrift om offentleg anskaffing fremjar klima og miljø	3
2. Vedtekne føringar for Øygarden kommune	6
2.1. Samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034:.....	6
2.2. Anskaffingsstrategi for Øygarden kommune 2024-2027:.....	6
2.3. Eigedomsstrategi for Øygarden kommune (1.0.):	6
2.4. Økonomiplan for Øygarden kommune 2025-2028.....	7
3. Om organisering og omfang av innkjøp	9
3.1. Organisering av innkjøp i kommunen	9
3.2. Ulike typar innkjøp vi gjer i kommunen	9
3.3. Klima- og miljøomsyn i våre anskaffingar	10
3.4. Rettleiar for klima og miljø i våre anskaffingar	11
4. Nokre tilgjengelege verktøy	13
4.1. «Veileder til anskaffelsesloven»	13
4.2. Kriterieveviseren	13
4.3. Miljødeklarasjon	14
4.4. Miljøsertifisering av verksemder	14
4.5. Miljøsertifisering av bygg	15
4.6. Erfaringsdeling	15

1. Nasjonale rammer for offentlege anskaffingar

Offentlege verksemdar må følgja *lov om offentlege anskaffingar* (anskaffingslova) og *forskrift om offentlege anskaffingar* (anskaffingsforskrifta) når dei kjøper varer og tenester. Regelverket byggjer på anskaffingsdirektiv frå EU og gjer dei gjeldande i Noreg.

Målet er å bruka fellesskapet sine ressursar effektivt og berekraftig. Samstundes skal det offentlege ta vare på omsyn til tryggleik og beredskap og opptre på ein måte som skaper tillit.

Regelverket krev at vi utformar anbudsdokument på ein god måte, gjennomfører konkurransar korrekt og følgjer opp kontraktar tett. Det gjeld for anskaffingar med verdi over 500 000 kr ekskl. mva.¹

Vi kategoriserer offentlege anskaffingar over 500 000 kr ekskl. mva. etter verdien på anskaffinga.

- **Del 1-anskaffingar** er anskaffingar med estimert verdi mellom kr. 500.000,- eks. mva. og nasjonal terskelverdi (kr. 1.3 mill. eks. mva.). Det er ikkje krav om prioritet/vekting gjennom tildelingskriterium, men det skal vere føreseieleg korleis tilboda vert evaluert.
- **Del 2-anskaffingar** er anskaffingar med estimert verdi over nasjonal terskelverdi (kr. 1,3 mill. eks. mva.) og under EØS-terskelverdi (kr. 2,5 mill. eks. mva.² for kommunar og fylkeskommunar). Terskelverdien varierer for stat, kommune, og nokre bransjar (t.d. bygg og anlegg, og helse- og sosialtenester). For del 2 anskaffingar er det krav om prioritering av tildelingskriterium i konkurransedokumenta.
- **Del 3-anskaffingar** er anskaffingar med estimert verdi over EØS-terskelverdi, og for desse anskaffingane må regelverket vere i tråd med anskaffingsdirektivene i EU / EØS. For desse anskaffingane er det krav om vekting av kriterium angitt i prosent.

Det offentlege er ein stor innkjøpar, og tal frå SSB viser at offentlig sektor brukte 835 milliardar kronar til innkjøp i 2024³. Vi kan styra innkjøpa ved å stilla krav og fastsetja tildelingskriterium i anskaffingane våre. Kommunane har eit stort ansvar som samfunnsutviklarar. Vi kan bruka anbuds konkurransar som eit strategisk verkemiddel for å nå eigne mål, og nasjonale og globale mål, mellom anna innan klima og miljø.

1.1. Lov- og forskrift om offentlig anskaffing fremjar klima og miljø

Krava til klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar skal redusera det samla klimaavtrykket og miljøbelastninga frå anskaffinga. Endringar i anskaffingsforskrifta (§ 7-9 frå 1. januar 2024) styrkte

¹ Trer i kraft 1. juli 2026: [Lov om endringer i anskaffelsesloven \(samfunnshensyn mv.\) - Lovdata](#)

² Nye EØS-terskelverdiar f.o.m. 21. april 2026: [oversikt-nye-eos-terskelverdier.pdf](#)

³ Direktoratet for forvaltning og økonomi: [Utgifter til offentlige innkjøp | Anskaffelser.no](#)


dette kravet. Vi skal no vekta klima og miljø med minst 30 prosent i alle anskaffingar som er omfatta av anskaffingslova og anskaffingsforskrifta.

Stortinget vedtok endringar i anskaffingslova 5. februar 2026. Endringane trer i kraft 1. juli 2026. Då vert dei ulike samfunnsomsyna som i dag ligg i både anskaffingslova og fleire forskrifter,

mellom anna klima og miljø, samla i anskaffingslova §§ 5a – 5p. Frå 1. juli 2026 tek anskaffingslova §§ 5b og 5c vare på klima- og miljøomsyna. Samstundes vert §7-9 i forskrifta oppheva.

Kort fortalt seier §§ 5b og 5c dette: Dersom vi brukar tildelingskriterium i ein anbuds konkurranse, skal vi vekta klima og miljø med minst 30 prosent. Dersom vi rangerer kriteria, skal klima og miljø vera blant dei tre høgast prioriterte. Vi kan erstatta eller kombinera tildelingskriterium med klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen, dersom det gir betre effekt for klima og miljø. Plikta til å stilla krav eller kriterium gjeld ikkje dersom anskaffinga har eit uvesentleg klimaavtrykk eller ei uvesentleg miljøbelastning.

Direktoratet for forvaltning og økonomi (DFØ) har utarbeida statistikk for 2023, 2024 og 2025. Tala viser at endringa i anskaffingsforskrifta har hatt effekt. Figuren under viser nøkkeltal for bruk av klima- og miljøomsyn i krav og kriteria i offentlege anskaffingar⁴.




Figur 1: Indikatorane 1 + 2 +3 summerer til 100 prosent. Indikator 1 består av under-indikatorane 1a og 1bsom har stor overlapp (mange anskaffelser har både krav og kriteria). Kjelde: DFØ / [Statistikk om klima- og miljøhensyn i offentlige anskaffelser](#) | [Anskaffelser.no](#)

⁴ Direktoratet for forvaltning og økonomi, Data, statistikk og analyse: [Statistikk om klima- og miljøhensyn i offentlige anskaffelser](#) | [Anskaffelser.no](#)

Statistikken frå DFØ viser også at bruken av klima- og miljøkrav, vekting på 30 prosent og andre miljøomsyn varierer mellom ulike innkjøpskategori (bransjar). Tala viser vidare at anskaffingar utan klima- og miljøomsyn i hovudsak gjeld ulike tenester. Desse fell ofte inn under unntak i anskaffingsregelverket.

Figuren under viser store variasjonar i korleis klima og miljø vert teke omsyn til i anskaffingar. Prosentdelen av anskaffingar med klima- og miljøomsyn har auka betydeleg frå 2023 til 2025 i nokre innkjøpskategori, medan han har gått ned i andre.

Overordna viser statistikken at ein oftare tek omsyn til klima og miljø i anskaffingar innan kategoriar med stor klima- og miljøbelastning, enn i andre kategoriar.



Figur 2: Prosentdel anskaffingar med 30 prosent klima/miljøvekting eller krav for ulike innkjøpskategori i 2023, 2024 og 2025. Kjelde: DFØ / <https://www.anskaffelser.no/data-statistikk-og-analyse/statistikk-om-klima-og-miljohensyn-i-offentlige-anskaffelser>

2. Vedtekne føringar for Øygarden kommune

2.1. Samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034:

Når det gjeld klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar, finn vi dei overordna føringane i samfunnsdelen til kommuneplanen (KPS) for Øygarden kommune. I planen set kommunen mellom anna mål om å vera eit klima- og miljøvennleg samfunn. Organisasjonen skal også vera handlekraftig og innovativ. Fleire delmål og strategiar gir overordna føringar for dei offentlege anskaffingane våre:

Hovudmål	Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn	Øygarden kommunen er handlekraftig og innovativ
Delmål	Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon	Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør
Strategi	Vi skal redusere eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleiing	Vi skal aktivt nytta verktøy, som til dømes å stilla krav gjennom offentlege innkjøp, for å sikra inkluderande arbeidsliv, innovasjon og klima- og miljøvennlege løysingar.

2.2. Anskaffingsstrategi for Øygarden kommune 2024-2027:

Endringane i anskaffingslova som trer i kraft 1. juli 2026, stiller krav om at oppdragsgivar skal ha ein anskaffingsstrategi og rutinar for å ta vare på samfunnsomsyna i §§ 5b–5p. Kommunestyret vedtok allereie i juni 2024 anskaffingsstrategien for Øygarden kommune 2024–2027. Strategien har fire hovudpunkt. Strategi 4 lyder:

Øygarden kommune skal ha fokus på klima, miljø og samfunnsansvar i anskaffingane.

Som tiltak i strategien skal vi utarbeida og ta i bruk ein rettleiar for klima og miljø i anskaffingar. Rettleiaren må ta inn dei nye endringane i anskaffingslova om vekting av klima og miljø i offentlege anskaffingar.

2.3. Egedomsstrategi for Øygarden kommune (1.0.):

Egedomsstrategi for Øygarden kommune vart vedteke av kommunestyret 18. desember 2024. Strategien har to hovudmål:

1. Øygarden kommune er ein profesjonell egedomsaktør med fokus på berekraft
2. Øygarden kommune arbeidar heilskapleg og langsiktig med egedomsforvaltning og utvikling

Blant strategiane vi skal prioritera, slår vi fast at vi skal velja klimavennlege løysingar i egedomsarbeidet. Sentrale punkt i strategien er:

- Vi skal alltid vurdere moglegheita for gjenbruk før vi bygger nytt, både når det gjeld bygningsmasse, bygningsmateriale, infrastruktur.
- Når vi etablerer nye bygg, skal vi sikra lang levetid og god kvalitet. Vi skal vurdere investeringskostnader opp mot driftskostnader i eit livsløpsperspektiv.
- Vi har ansvar for å plassera bygg og anlegg nær kollektivknutepunkt, slik at vi reduserer transportbehovet.
- Vi skal leggja passivhus til grunn som standard for alle nybygg.
- Vi skal sikra energieffektivisering i eksisterande bygg.
- Vi skal stilla krav gjennom offentlege innkjøp for å sikra eit inkluderande arbeidsliv, fremja innovasjon og velja klima- og miljøvennlege løysingar.

I nokre tilfelle kan klima- og miljøvennlege løysingar føra til høgare kostnader ved rehabilitering eller bygging av nye bygg. Då er det viktig å vurdere investeringskostnadene i eit langsiktig perspektiv, slik at vi unngår høge driftskostnader over tid. Slik får vi betre effekt av investeringane våre.

Vi skal konkretisera ambisjonane i eigeomsstrategien vidare gjennom arbeidet med ein strategiplan for klima og energi. Tydelege føringar for vekting av klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar er eit av dei viktigaste verkemidla vi har for å bli ein eigeomsaktør med vekt på berekraft.

2.4. Økonomiplan for Øygarden kommune 2025-2028

Lånemarknaden tilbyr grøne lån med lågare rente til investeringar som bidreg til å løysa framtidige klima- og miljøutfordringar. Kommunalbanken tilbyr til dømes ei grønt rente som er 0,1 prosentpoeng lågare.

I økonomiplanen for 2025–2028 skisserer kommunedirektøren eit oppdrag der vi skal vurdere om vi kan ta opp grøne lån når vi tek opp lån. Oppdraget er knytt til delmålet i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) om å vera ein klima- og miljømedviten organisasjon.

Kommunalbanken tilbyr grøne lån til kommunalsektoren innanfor sju ulike kategoriar:

- **Bygg:** byggeprosjekt med ein tydeleg klimaprofil
- **Fornybar energi:** tilrettelegging for bruk av fornybare energikjelder
- **Transport:** transportløysingar med låge eller null utslepp
- **Avfall og sirkulærøkonomi:** tiltak som reduserer avfall, aukar ombruk og materialgjenvinning, og gir betre utnytting av energi
- **Vatn og avlaup:** investeringar i vatn- og avlaup med klima- eller miljøprofil
- **Arealbruk og områdeprosjekt:** berekraftig bruk av areal
- **Klimatilpassing:** prosjekt der klimatilpassing er hovudformål

Til kvar kategori høyrer det til eit sett med kriterium som investeringsprosjektet må oppfylle. Prosjekta må tilfredstillast eitt eller fleire av desse kriteria. Rabatten på grøne lån (0,1 prosentpoeng) kan verka liten, men han gjeld for heile lånebeløpet. Difor kan han bidra til å dekkja eventuelle

meirkostnader ved investering i gode klima- og energiløysingar. Saman med lovkravet om vektning av klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar kan vi nytta kriteria for grønne lån i utarbeidinga av konkurransedokument, både i kravspesifikasjonar og tildelingskriterium, for ulike investeringsprosjekt.

Eit konkret prosjekt som vi vurderer for grønt lån, er bygging av ny Fjell ungdomsskule. Prosjektet oppfyller kriteria for grønt lån, mellom anna når det gjeld bruk av grå flatar og val av energiløysingar (mai 2026).

3. Om organisering og omfang av innkjøp

3.1. Organisering av innkjøp i kommunen

Øygarden kommune har ei eiga innkjøpseining med juridiske ressursar. Desse er særleg involverte i anskaffingar med høg verdi (del 2- og del 3-anskaffingar). Hovudregelen er likevel at kvar fageining utarbeider kravspesifikasjonen til konkurransen. Innkjøpseininga kvalitetssikrar arbeidet og rettleier når vi legg ut konkurransen i anbudssystemet Mercell.

- **Del 1-anskaffingar:** Dette gjeld anskaffingar med estimert verdi frå 500 000 kr ekskl. mva. til nasjonal terskelverdi (1,3 mill. kr ekskl. mva.). Fageiningane gjennomfører desse anskaffingane. Innkjøpseininga kan gi rettleiing og kvalitetssikra konkurransedokumenta.
- **Del 2-anskaffingar:** Dette gjeld anskaffingar med estimert verdi over nasjonal terskelverdi (1,3 mill. kr ekskl. mva.) og under EØS-terskelverdien (2,5 mill. kr ekskl. mva.). Innkjøpseininga skal delta i anskaffingsprosessen og utforma konkurransedokumenta, ofte i samarbeid med fageiningane. Innkjøpseininga styrer prosessen i samråd med fageiningane, mellom anna tidsplan og lovgrunnlag. Fageiningane utarbeider tildelingskriteria ut frå behova sine.
- **Del 3-anskaffingar:** Dette gjeld anskaffingar med estimert verdi over EØS-terskelverdien (2,3 mill. kr ekskl. mva.). Innkjøpseininga skal delta i anskaffingsprosessen, kvalitetssikra konkurransedokumenta og leggja dei ut i innkjøpssystemet. Involveringa er elles den same som for del 2-anskaffingar.

Uansett verdi på anskaffinga er det viktig at fageiningane som skal gjennomføra ei anskaffing eller nytta ein rammeavtale, deltek i arbeidet med kravspesifikasjonen. Det er også desse einingane som har ansvar for å følgja opp kontraktane.

For å sikra kvalitet i anbud og kontraktsoppfølging har innkjøpseininga laga eit innkjøpsreglement, retningslinjer, rettleiarar og malar. Desse ligg i kvalitetssikringssystemet Compilo.

Øygarden kommune, saman med fleire kommunar i regionen, deltek i eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune. Om lag 50 av dei rundt 200 innkjøpsavtalane vi har i dag, er del av dette samarbeidet. For desse avtalane gjennomfører Bergen kommune anskaffingane, utarbeider kravspesifikasjonar, vurderer tilbod og inngår og følgjer opp avtalane med vald leverandør. I desse prosessane skal Bergen kommune også ta vare på nasjonale krav til klima, miljø og samfunnsansvar i anskaffingane.

3.2. Ulike typar innkjøp vi gjer i kommunen

Per mai 2026 hadde kommunen om lag 200 aktive avtalar registrerte i Mercell (anskaffingsverktøy). Avtalane omfattar eit breitt utval av varer og tenester som støttar drifta og tenestene i kommunen.


Ein stor del av anskaffingane, både i tal og kostnadsomfang, skjer innanfor Samfunnsutvikling, særleg i einingane utbygging, byggforvaltning og vegforvaltning. Hovudvekta av kjøp av tenester ligg i Oppvekst, Helse og velferd og Organisasjon og beredskap.

Tabellen under viser nokre av hovudkategoriane for avtalane kommunen har i dag. Spennet er stort, og det kan i nokre tilfelle vera krevjande å vurdere klima- og miljøomsyn.

Drivstoff	Bygg og anlegg	Skuleutstyr / formingsmateriell
Energi	Drift og vedlikehald av veg	Helseprodukt
IKT – datautstyr og program	Drift og vedlikehald av bygg	Kontorrekvisita
Konsulent /rådgjevingstenester	Handverkartenester	Møblar / tekstilar / Klede
Transport	Oppgradering, renovering	Mat /måltidstenester
«Andre tenester»	Reinhaldsprodukt / maskinar	Kultur og idrett

Klimarekneskapan til Øygarden kommune (Klimakost) viser at dei forbruksbaserte (indirekte) utsleppa står for meir enn 90 prosent av klimafotavtrykket vårt. I figur 3 ser vi korleis klimafotavtrykket fordeler seg på sju hovudkategoriar, og kor stor del kvar kategori utgjer av totalen.

Ein stor del av klimafotavtrykket til kommunen er knytt til kjøp av tenester, mellom anna innan Oppvekst og Helse og velferd. Saman med rådgjevingstenester er dette kjøp som i stor grad fell inn under unntaksregelen i anskaffingsforskrifta. Denne regelen gjeld anskaffingar der klima- og miljøbelastninga er vurdert som uvesentleg.



Kategoriane varekjøp og bygg utgjer også ein stor del av klimafotavtrykket. Desse områda har eit stort potensial for å vurdere klima- og miljøomsyn som kan bidra til å redusere klimafotavtrykket.

3.3. Klima- og miljøomsyn i våre anskaffingar

Kravet om at klima- og miljøomsyn skal vekta minst 30 prosent, gjeld frå 1. januar 2024. Kommunen har i mange år hatt fokus på energieffektivisering i fleire utbyggingsprosjekt. Samstundes har vi hatt mindre merksemd på arealbruk, materialval, maskinbruk og livsløpskostnader i eit klima- og miljøperspektiv.

Etter endringa i anskaffingsforskrifta har vi gjort oss fleire erfaringar med å bruka klima- og miljøomsyn som både krav og tildelingskriterium. Vi har også gjennomført to seminar om temaet, der vi har henta inn kompetanse frå Direktoratet for forvaltning og økonomi (DFØ), Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.

Det har vore viktig å læra av erfaringane til andre aktørar og å nytta tilgjengelege verktøy for å utforma gode krav og tildelingskriterium. Vi må ta omsyn til fleire forhold samstundes, og det er nødvendig å finna ein god balanse mellom desse.

3.4. Rettleiar for klima og miljø i våre anskaffingar

Som det går fram av anskaffingsstrategien til kommunen, skal vi utarbeida og ta i bruk ein rettleiar for klima og miljø i anskaffingar. Strategiplanen for klima og energi kan gi føringar for arbeidet med rettleiaren. Vi må leggja rettleiaren inn i kvalitetssikringssystemet vårt, Compilo.

Rettleiaren må ta omsyn til at ulike typar innkjøp påverkar klima og miljø på ulike måtar. Han skal også vera eit praktisk verktøy som gjer at innkjøpa våre bidreg til å nå måla i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS). Dette gjeld ikkje berre klima og miljø, men også økonomisk og sosial berekraft.

Vi må også anerkjenna at det å ta vare på krava i lovverket krev tverrfagleg kompetanse og samarbeid. Vi må vega klima- og miljøomsyn opp mot juridiske, tekniske og økonomiske omsyn. Difor bør rettleiaren tydeleggjera roller, ansvar og behov for involvering på tvers av fagområde.

Når vi utformar rettleiaren, er det viktig å ta i bruk eksisterande rettleiarar, verktøy og verkemiddel. Direktoratet for forvaltning og økonomi (DFØ) har mellom anna utvikla både ein rettleiar og ein kriterievegvisar for berekraftige anskaffingar. Rettleiaren forklarar kva anskaffingsregelverket inneber, medan kriterievegvisaren gir konkrete døme på krav, tildelingskriterium og kontraktsvilkår, i tillegg til verktøy for å evaluera kriterier.

Anskaffingsregelverket føreset at vi stiller spørsmål til vara eller tenesta vi skal kjøpa inn, til dømes:

- Kva klimaavtrykk og miljøbelastningar kan anskaffinga gi?
- Kva tiltak kan redusera klima- og miljøbelastninga?
- Kva tiltak er det formålstenleg å ta inn i prosjektet, sett opp mot effekt og pris?
- Korleis kan vi få best mogleg klima- og miljøeffekt til lågast mogleg kostnad?
 - Får vi best effekt av tiltaka dersom vi set dei som krav til leverandøren?
 - Får vi best effekt av tiltaka dersom leverandørane konkurrerer om den beste løysing, det vil seia gjennom tildelingskriterium?
 - Får vi best effekt av tiltaka dersom vi set minstekrav og opnar for «meioppnåing»?
 - Er marknaden moden for tiltaka vi ønskjer, og bør vi gjennomføra marknadsdialog?
 - Kan vi stimulera marknaden ved å stilla kontraktsvilkår og/eller gi tilskot til nødvendige investeringar?

Vedlikehald, ombygging og nybygg

For fleire av varene og tenestene vi kjøper, kan det vera enkelt å svara på slike spørsmål. For større prosjekt i Utbyggingseininga kan det derimot vera både komplekst og krevjande. Desse prosjekta omfattar mange aktørar på ulike tidspunkt i prosessen, mange faktorar og store investeringar.

Difor er det avgjerande å gjera gode utgreiingar og vurdera klima- og miljøomsyn så tidleg som mogleg i prosjekta. Kommunen nyttar i stor grad ekstern bistand til moglegheitsstudiar, forprosjektering og prosjektering. Det kan då vera formålstenleg å ta inn vurderingar av klima- og

miljøpåverknad, aktuelle tiltak og relevante krav og kriterium i bestillinga til dei eksterne konsulentane.

Når vi skal kartleggja og analysere klima- og miljøpåverknad, kan det vera nyttig å ta utgangspunkt i dei største kjende kjeldene til klimafotavtrykk i byggenæringa (basert på NS 3729):

- **Produksjon** (A1-A3); råvarer, transport, produksjon av materiale
- **Gjennomføring** (A4-A5); Transport, arbeid knytt til anlegg bygging og montering
- **Bruk** (B1-B8); bruk, vedlikehald, reparasjon, utskifting, ombygging, energibruk i drift, vassforbruk og transport i drift
- **Livsløpets slutt** (C1-C4); rivning, transport, avfallsbehandling og avhending
- **Tilleggsinformasjon** (D); material- og energigjenvinning, ombruk av materiale og eksport av eigenprodusert energi.
- I tillegg må vi vurdere utslepp frå endringar i arealbruk, til dømes nedbygging av natur eller matjord. Dette er mellom anna eit viktig moment for å få grøne lån.

4. Nokre tilgjengelege verktøy

Offentlege anskaffingar gir kommunen stort handlingsrom til å redusera sine klimagassutslepp og leggja om energibruken. Det krev at vi sikrar klima- og miljøomsyn gjennom tydelege og føreseielege krav og tildelingskriteria i våre anbodskonkurransar. Det må vera klart for tilbydarane kva krav vi stiller, kva dei skal konkurrera på, og korleis vi evaluerer tilboda.

4.1. «Veileder til anskaffelsesloven»

Som følge av endringar i anskaffingsregelverket som trer i kraft 1. juli 2026, har DFØ utarbeidd ein ny rettleiar til anskaffingslova. Rettleiaren ligg på nettsida til DFØ, www.dfo.no. Rettleiaren er eit nyttig verktøy for å klargjera både klima- og miljøomsyn og andre sentrale krav i lova.

4.2. Kriterieveiviseren

DFØ har utvikla kriterievegvisaren som eit verktøy når vi skal utforma anbodskonkurransar. Her finn vi forslag til krav, tildelingskriterium og kontraktsvilkår innanfor åtte hovudtema, sjå figur under:

 Anlegg	 IKT
Anlegg →	PC-er, skjermer og nettbrett →
 Avfallsinnsamling	 Mat- og måltidstjenester
Avfall fra tjenesteytende virksomhet →	Mat- og drikkeprodukter →
Husholdningsavfall →	Måltidstjenester →
 Bygg	 Møbler og tekstiler
FDV (Forvaltning, drift og vedlikehold) →	Kontormøbler →
Nybygg →	Tekstiler →
Rehabilitering →	
 Energi	 Transport
Batterier →	Person- og varebiler →
Kraftforsyning →	Transport av varer og tjenester →

Framlegga til krav, tildelingskriterium og kontraktsvilkår er organisert i ulike kategoriar, ut frå tema:

- Klima
- Sirkulærøkonomi
- Andre miljøkrav
- Miljøstyring
- Sosiale omsyn
- Helse- og miljøskadelege stoff
- Avskoging
- Energi

Kriterievegvisaren gir også rettleiing om korleis vi kan bruka, følgja opp og evaluera krav, tildelingskriterium og kontraktsvilkår. Kontraktsvilkåra inngår ikkje i evalueringa av tilboda, men leverandøren må oppfylla vilkåra i kontraksperioden.

Som nemnt tidlegare har Øygarden eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune, mellom anna for innkjøpsavtalar for mat, møblar og tekstilar. Transport er ofte ein del av desse rammeavtalane. Det inneber at Bergen kommune gjennomfører anbodskonkurransane og følgjer opp kontraktane. Sjølv om Øygarden kan spela inn moment til konkurransedokumenta, er handlingsrommet vårt noko avgrensa.

Når det gjeld vedlikehald, ombygging og nybygg, samt IKT-utstyr, står vi friare til å definera eigne krav og tildelingskriterium. Kommunen gjennomførte i 2025 ein anbodskonkurranse for ny rammeavtale for levering av IKT-utstyr. Her hadde vi eit eige evalueringspunkt for avhending, gjenbruk, kassering og sletting, i tillegg til garantitid og moglegheit for reparasjon av utstyr. Klimafotavtrykket frå IKT-drifta vår er nærare omtalt i kunnskapsnotatet *Klimarekneskap – kommunal verksemd*, som ligg på nettsida til strategiplan for klima og energi.

Bygg- og anleggssektoren er ein stor bidragsytar til klimagassutslepp, og aktivitetane i denne sektoren står for ein stor del av utsleppa i eigen verksemd. Vedlikehald, ombygging og nybygg er den nest største utsleppskjelda i klimarekneskapet til kommunen. Vala vi tek når det gjeld lokalisering, materialbruk og energiløysingar, har stor betydning for utsleppa både i byggjefasen og i drift og vedlikehald av bygga.

For denne sektoren kan DFØ sin kriterievegvisar, saman med sertifiseringsordningar for materiale (EPD) og løysingar for bygging og rehabilitering, vera viktige verktøy. Desse kan hjelpa oss å redusera klimaavtrykket og energibruken, og samstundes gi retning for kva krav vi kan stilla i anskaffingane.

4.3. Miljødeklarasjon

Ein Environmental Product Declaration (EPD), eller miljødeklarasjon for eit produkt, er eit dokument som oppsummerer miljøeigenskapane til ein komponent, eit ferdig produkt eller ei teneste. Dokumentet byggjer på internasjonale standardar.

Ein EPD gir ei kortfatta oversikt over livsløpet til produktet. Han viser ressursbruk og mogleg miljøpåverknad gjennom heile livsløpet – frå verksemda og underleverandørane, via bruksfasen, til endt levetid. Slik gir ein EPD oss eit godt grunnlag for å samanlikna miljøprestasjonane til ulike produkt med same funksjon.

4.4. Miljøsertifisering av verksemder

I anbodskonkurransar stiller vi ofte krav om miljøstyringssystem i verksemda som eit kvalifikasjonskrav. Verksemda kan anten dokumentera systemet sitt, eller vera miljøsertifisert. Dei mest vanlege sertifiseringane i dag er Miljøfyrtårn og ISO 14001. Desse viser at verksemda har system og rutinar for miljøstyring som er godkjende av ein uavhengig tredjepart.

Vi kan krevja at verksemda er miljøsertifisert. Då slepp vi omfattande og kvalitative skildringar av miljøstyringssystemet til verksemda som vi elles må vurdere og vekta mellom tilbydarane.

4.5. Miljøsertifisering av bygg

For å sikra anleggsverksemd og ferdige bygg med lågt klimafotavtrykk og effektiv energibruk, finst det ulike sertifiseringsordningar, til dømes [BREEAM](#). Dette er ei miljøsertifisering som viser at eit bygg, anlegg eller område oppfyller krav til berekraft, og at ein uavhengig tredjepart har godkjent dette.

Eit byggeprosjekt kan også nytte innovasjonsprogrammet [Futurebuilt](#) for å styrka berekrafta i prosjektet. For å bli eit FutureBuilt-førebileteprosjekt må prosjektet oppfylla eit sett med kvalitetskriterium som er tett kopla til EU-taksonomien. Oversikter frå FutureBuilt viser at det i hovudsak er større byar i Noreg som har slike førebileteprosjekt.

4.6. Erfaringsdeling

Det er viktig å henta erfaring frå andre som har gjennomført offentlege anskaffingar med vekting av klima- og miljøomsyn. Det gjeld særleg verksemdar som har vedteke strategiar og utvikla eigne malar og rutinar, som til dømes Bergen kommune og Vestland fylkeskommune. Som nemnt tidlegare i notatet, inviterte vi desse aktørane til eit seminar våren 2025 om klima- og miljøomsyn i offentlege anskaffingar.